

# **ORSTAD SKULE**

## **TIL HEIMAR MED ELEVAR PÅ 1. - 4. TRINN**

### ***BRUK AV SYKKEL TIL ORSTAD SKULE; RULLEBRETT OG RULLESKØYTER I SKULETIDA***

Vi har tidlegare snakka om og drøfta bruk av sykkel til skulen, dette gjeld spesielt dei elevane som bur på feltet og såleis har kort veg til skulen. Foreldrerådet sitt arbeidsutval, FAU, hadde saka opp til drøfting på møte onsdag 24. august. Der var det klar stemning for at elevane ikkje burde sykla til skulen før dei var 10 år; dvs. byrja på 5. trinn. Foreldra og skulen har følgjande grunnar for å gå ut med ei slik innstilling og haldning:

- Lensmannen og Trygg Trafikk rår til at ungar under 10 år ikkje syklar til skulen.
- Dei er motorisk umodne og usikre og vinglete i trafikken.
- Dei har vanskar med å bedømma avstand når køyrertøy eller andre trafikantar kjem mot dei eller frå sida.
- Ungar under 10 år greier ikkje alltid å avgjera kor lyd kjem frå. Dei vil vera usikre når dei hører ein lyd om bilen kjem bak dei eller frå sida.
- Skulen får mindre "tull" med syklar på skulen når færre elevar syklar.
- Ungar på feltet bur så nær skulen at sykling av den grunn ikkje er turvande.

Ut frå desse grunnar vil skulen og Foreldrerådet sitt arbeidsutval, FAU, tilrå at elevar som bur på feltet **IKKJE** syklar til skulen før dei byrjar på 5. trinn.

**N.B.** Elevar, uansett alder, som syklar til skulen må bruka hjelm.

**N.B.** Elevar må alltid nytta hjelm når dei syklar enten på ekskursjonar eller turar.

---

### ***RULLEBRETT / RULLESKØYTER / SPARKESYKKEL:***

Elevane på 1. - 4. trinn har IKKJE løyve til å nytta rullebrett, rulleskøyter eller sparkesykkel i skuletida. Dette tillet vi berre for elevar på 5. - 10. trinn. Vi er svært redde for skader som lett kan oppstå. Om dei nytta desse til og frå skulen, skal dei stå i garderobane i løpet av skuledagen. Vi ser gjerne at færrest mogeleg, helst ingen, nytta rullebrett eller rulleskøyter som framkomstmiddel til og frå skulen.

Orstad skule, den 28. august 2014

Sturle Holmen  
leiar i FAU

Knut Norddal  
rektor